



# VELKOMEN TIL RALLARVEGEN!

Rallarvegen strekkjer seg om lag 80 kilometer frå Haugastøl over Finse til Myrdal, og vidare langs Flåmsbana ned til Flåm.

## Høgt til fjells

Klimaet i høgfjellet er barskt, og vêret skiftar raskt. Du må vere kledd for ein fjelltur i kaldt og vått vêr sjølv midt på sommaren. Det kan framleis ligge snø på delar av vegen i juli. Sjekk alltid vêr- og føremeldingar før du legg ut på tur. På delar av Rallarvegen er det ikkje mobildekning.



## Eit kulturminne

Når du ferdast på Rallarvegen, tek du del i ein over hundre år lang tradisjon. Vegen vart bygd for å frakte mat, utstyr og materialar til bygginga av Bergensbanen som opna i 1909. Underveis kan du sjå bygningar og andre minne frå anleggstida. Ta gjerne turen innom Rallarmuseet på Finse eller besøkssenteret i Flåm for å lære meir om historia. Hugs å ta med deg all søppel, og rydd fint opp dersom du tenner bål eller lagar leirplass. Dekk til om du må på toalettet utanom dei oppsette toaletta (sjå kartet).



### Viktig informasjon

Brann 110

Politi 112

Ambulanse 113

**Rallarvegrapport frå Finse 1222:**  
[finse1222.no/rallarvegrapport](http://finse1222.no/rallarvegrapport)

**Informasjon om ras og flaum:**

[varsom.no](http://varsom.no)

**BANE NOR**

**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Her kan du nyte naturen,

lære om historia og

få rike minne med deg heim.

Vi ber deg ta det roleg og vise  
omsyn til naturen og dei du møter.

Då får du ein trygg tur, og  
dei som kjem etter deg får  
like stor glede av vegen.




## Natur og naboar


Rallarvegen går mellom to nasjonale villreinområde, og er du ekstra heldig kan du få auge på reinen. Villreinen er sky og held seg unna folk, så det er vanskeleg for dei å krysse Rallarvegen. For å gi dyra ei tidslomme med ro bør du unngå å sykle på høgfjellet mellom klokka 19.00 og 9.00. Nyt synet, men ikkje følg etter dyra. Du kan og treffe på husdyr på beite.

Respekter teltforbodet i utvalde område, og vis respekt for hyttefolk og deira privatliv. Hald til høgre på vegen, og ta omsyn til fotturistar og andre syklistar. På delar av strekninga kan du møte bilar som har lov til å ferdast her med eige løye.

## Trygg sykkeltur

Delar av turen er svært bratt og i stor grad usikra, med grov overflate, humpar og djupe hjulspor. Du må difor ta det rolegare enn på ein moderne sykkelveg. Mest krevjande er strekninga frå Finse til Myrdal (grov vegdekke), og vidare frå Myrdal ned til Flåm (bratte parti og skarpe svingar). Sjå opp for lokal person- og biltrafikk på den siste delen av vegen ned mot Flåm. Du bør gå av sykkelen i dei brattaste partia. For barn under 12 år og uerfarne syklistar er strekninga Finse-Haugastøl godt eigna. Hugs sykkelhjelm til alle.





#### Avstandar og sykkeltid med pausar

- Haugastøl - Finse 27 km (fire timer)
- Finse - Haugastøl 27 km (tre timer)
- Finse - Hallingskeid 21 km (tre timer)
- Finse - Myrdal 38 km (fem timer)
- Finse - Flåm 53 km (sju timer)
- Myrdal - Flåm 20 km (tre timer)

Du kan sykle på kortare tid, men låg fart og mange stopp gjer turen tryggare og rikare på opplevingar.

